



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Helgestilling for helsefagarbeidarar, studentar og assistentar

Stillingsinformasjon

Er du arbeidsledig, student eller elev men ynskjer noko praktisk erfaring innan pleie, har vi i Meland heimeteneste mange spanande arbeidsoppgåver i helgene.

I turnusen er det kveldsvakter fredag, laurdag og søndag, og dagvakter eller kveldsvakter laurdag og søndag som er vakante. Det kan vere aktuelt med arbeid annakvar eller tredjekvar helg. Men helgene og vaktene kan og settast saman på andre måtar.

Nokre vakter er knytta mot brukarar med nedsett funksjonsevne.

Kvalifikasjonskrav

Vi ynskjer personar som er arbeidsome, stabile, kreative og samtidig fleksibele og lette å samarbeide med.

Vi tilbyr

Eit stimulerande og godt fagleg arbeidsmiljø.

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 16.12.2018

Utlyst dato 28.11.2018

Vårref

91/18

Kontaktperson

Britt Hilde Romarheim, Leiar Meland heimeteneste, mobil: 994 97 611, britt.romarheim@meland.kommune.no